



Nordisk Club Sveits: Nordisk Weekend 22. – 24. Oktober 2010

Dette året gjekk vårt årlege treff av stabelen i verdsbyen Genève – og takka vere iherdige sjeler blei vi gjennom tre dagar servert eit program proppfullt av høgdepunkt vi seint kjem til å gløyme.

Allereie ved middagstider på fredagen møttes vi for å dra direkte til CERN – der blei mottakinga leia av klubbmedlem og initiativtakar Sören Amdal som har lang bakgrunn som tilsett ved anlegget. Vi blei guida gjennom lange gangar før vi fekk servert både eit foredrag og ein film som gav oss innføring i kva som skjer nede i den 27 kilometer lange tunnelen som har fått namnet 'The Large Hydron Collider' (LHC). Ikke alle syntest det var like lett å henge med i swingane når ein skal forstå korleis partiklar kolliderer med (nesten) lysets hastigkeit – men at det er komplisert det som skjer der nede, det forsto vi alle. Under besøket på CERN fekk vi også helst på Per Sjönell og Madelene Granskog som var med på fredagen for å representera den svenske ambassaden.

Etter presentasjon og film bar det i veg med buss for å ta sjølve anlegget på CERN i nærmere augesyn. Engasjerte guidar forklarte oss både på engelsk og tysk korleis dei ulike instrumenta fungerar nede i LHC– og nok ein gong forsto vi ettertrykkeleg at det å prøve å finne ut kva som skjedde når jorda blei skapt ikkje er for amatørar. Etter eit par timer på anlegget var hjernen ikkje lenger mottakeleg for meir informasjon, så vi sette oss i bussen og drog inn til Genève. Vi fordelte oss på tre ulike hotell for natta, Tor Hotel, Hotel Central og Hotel Rotary, som i følgje tilbakemeldingane alle var gode val. Mange av oss møttes så til middag seinare på kvelden, andre tok seg ein tur rundt i Genève på eiga hand. Det var triveleg og avslappande å kunne ha fredagskvelden til fri disposisjon – og samstundes fint at det også fanst ei mulighet til å ete middag saman med resten av gjengen.

Laurdag morgen starta roleg, vi møttest først klokka halv elleve i parken utanfor Musée des Suisses dans le Monde. Parken der er eit flott skode, ein har samla planter og vekstar frå heile verda – var ein smart møtte ein opp tidleg nok til å rekke ein spasertur. Også museet er noko for seg sjølv, det er ei praktbygning, som huser ei unik samling som fortel om sveitsarar som har vore ute i verda – oppnådd noko (meir eller mindre) stort – og kome tilbake til fedrelandet. Den trivelege guiden vår kunne vise oss at slike sveitsarar fins det mange av! Den enkeltpersonen det for augeblikket var via størst plass til, var den sveitsiske klovnens Grock (1880 – 1959), som frå 1920-talet fram til etter 2. verdskrigen var klovn nummer ein i heile Europa.

Klokka 11.45 var det tid for delegert forsamling i Le Cent-Suisses, eitt bygg som ligg eit steinkast frå museet. Protokollen blir å finne på www.nordiskclubschweiz.ch. Protokollen blei gjennomført raskt og effektivt, og i tillegg fekk Victoria Pekarska, presidenten for vår nye medlemsklubb, Den nordiske klubben Genève, presentert seg. Til sist blei det bestemt at neste års tur som vanleg vil gå føre seg den tredje helga i oktober, dvs 21. – 23. oktober 2011, og gå til Bad Ragaz (kanton St. Gallen).

Etter forsamlinga var det tid for lunch-cocktail i vinterhagen i same hus. Her blei dei som først no hadde kome ynskt ordentleg velkomne, og vi fekk alle god tid til å treffe både nye og gamle fjes. Lokalet var triveleg og lyst og vinen var frisk og god – men dei få kanapeane som fanst forsvann på et blunk. Heldigvis fekk ein smart sjel trylla fram nokre eple til slutt, men neste gong vi treffast er det nok sikkert at talet på kanapear til lunsjen blir dobla nokre gongar.

I løpet av lunsjen kom ambassadørane frå Norge, Danmark og Finland på plass, og dei serverte oss etter kvart spennande foredrag som tok føre seg eit vidt spekter av tema: Den norske ambassadøren Rolf Trolle Andersen opna med å fortelje om fredsarbeidet til Fridtjof Nansen og Trygve Lie, så tok Danmarks ambassadør Hans Klingenberg over og fortalte om klimaforhandlingane i København/COP15. Finlands ambassadør Alpo Rusi gav så førstehandsinformasjon om ex-president Martti Ahtisaari sin innsats som meklar under Kosovokonflikta, og til sist fekk vi høre eit spanande foredrag om Dag Hammarskjöld sine bragder som FNs generalsekretær, dette komponert av klubbmedlem Åke Nordström.

Ute skein haustsola, og vi fekk ein fin spasertur til Røde Kors museet som ligg like nedanfor. Også her blei vi møtt av flinke guidar som hadde veldig mykje å både vise fram og fortelje på den korte tida vi var der. Eit veldig interessant museum som fortel både om historie og notid – og ein stad det tek tid å fordøye. Eg trur mange av oss vil anbefale eit besøk her!

Etter ein lang dag med mykje innhald var det no tid for å dra tilbake til hotellet – for så å treffast igjen på Restaurant Hotel du Parc des Eaux Vives*****. Vi blei plasserte i eit flott lokale med historisk sus, og her fekk vi servert både god mat og god musikk: Den danske tenoren Lars Olsen sto for munter song, flott akkompagnert av klubbmedlem Kirsten Barfod. I tillegg hadde Agnethe Christensen og co. dikta både song og vers til kvelden – vi kosa oss. Etter ein flott kveld bar det inn til sentrum att, og ikkje alle drog rett til hotellet; nokon av oss ville også utforske Genève sitt natteliv...

Søndag møtte likevel alle opp, vi starta dagen med bagasjen på slep ved blomsteruret i Jardin Anglais. Derifrå blei vi bussa til den tradisjonelle nordiske gudstenesta i Temple de Prangins der prestane frå Danmark, Jens Barfod, Sverige, Søren Trygg, og Norge, Aleksander Garmann Gullaksenn, alle tok del. Kirsten Barfod betente kyrkjeorgelet. Etter gudstenesta blei vi forevigda av fotografen i vakkert haustvær utanfor kyrkja, og spaserte så bort til Château de Prangins. Slottet, bygd i 1730, og gjennom hundreåra brukt som både herskapshus og kostskule, blei etter ei omfattande restaurering opna som nasjonalt museum i 1998. Den permanente utstillinga fortel om livet i Sveits mellom 1730 og 1920. Til slottet høyrer også ein tradisjonell engelsk hage som byr på mange gode grønsaker – det fekk vi sjølv erfare då lunsjen blei servert på slottet like etter omvisninga. Maten her var nydeleg og sette eit flott punktum på ei innholdsrik og triveleg helg der samhaldet i Sveits mellom oss frå dei nordiske landa nok ein gong har vorte styrka.

Nordisk Club Sveits og særskild Agnethe Christensen fortener også i år all ære, spesielt var det imponerande at ein har greidd å setje opp eit så variert og spanande program med så lite behov for transport mellom dei ulike sjåverdighetene, det meste var planlagt slik at ein kunne gå frå attraksjon til attraksjon. Tusen takk for denne gong, og vel møtt om eit år i Bad Ragaz!

Skrive av: Birgitte Skarbø, praktikant ved den norske ambassaden i Bern